

Uttale frå hovedutvalet for samferdsel i Vestfold og Telemark fylkeskommune.

Krisepakke til ekspressbussane.

Ei av næringane som har blitt hardt ramma av Korona-krisa er ekspressbussnæringa.

Ekspressbussrutene blir drivne kommersielt utan offentlege tilskot. Når heile inntektsgrunnlaget er billettinntekter og passasjerane uteblir fell heile grunnlaget bort.

Når strenge restriksjonar som rammar busstransporten er innført er det også rimeleg at det etablerast ei kompensasjonsordning som avhjelper denne situasjonen.

Ekspressbussane er like viktige for mange slik som tog og fly er for andre, og er derfor eit svært viktig bidrag for andelen av kollektivreiser.

I distrikta spesielt er det ekspressbussane som representerar kollektivtilbodet og det er som oftast det einaste alternativet. Dersom dette tilbodet blir for hardt ramma kan det bli krevjande og få det tilbake slik som det var, når forholda normaliserer seg. Derfor vil det også være behov for å kunne stimulere til at eit visst antal ruter blir oppretthaldne i tida fram til at passasjergrunnlaget er tilstrekkeleg att.

Hovedutvalet for samferdsel i Vestfold og Telemark fylkeskommune oppmodar regjering og storting til snarast å få på plass ei krisepakke for ekspressbussane.